



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.02.2026

Vår ref.: 200804954-43 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om å endre slukeevna i Kjæråa kraftverk i Namsskogan kommune, Trøndelag fylke

NVE har fått ein søknad frå Kjæråa kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til å endre slukeevna i Kjæråa kraftverk. Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist 26.03.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Kjæråa kraftverk AS, datert 08.12.2025, om løyve etter vassressurslova til å utnytte ein større del av vassføringa i elva Kjæråa i Namsskogan kommune, Trøndelag fylke. Det vert òg søkt om løyve til auka installert effekt som følgje av det auka vassuttaket. Endringa inneber å redusere minste driftsvassføring frå 0,225 m³/s til 0,1 m³/s, og å auke største driftsvassføring frå 1,5 m³/s til 1,65 m³/s. Tiltaket er venta å auke årleg produksjon med om lag 0.8 GWh. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/saksgang-vannressursloven.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden blir difor berre sendt på høyring til Namsskogan kommune, Trøndelag fylkeskommune, Statsforvaltaren i Trøndelag, Sametinget / Samediggi og Østre Namdal / Tjåehkere reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 10, Nord-Trøndelag med høyringsfrist 26.03.2026.

Her finn du søknaden

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9164/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9164/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200804954 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200804954 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **26.03.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Konsultasjon

NVE ber om at Sametinget og andre representantar for samiske interesser i høyringsfråsegna gir tilbakemelding på om de ønskjer konsultasjon i samband med søknaden. Gi beskjed dersom de treng tolk. Meir informasjon om konsultasjon finst på www.nve.no/konsultasjon.

Med helsing

Hans Kristian Bugge Tørset

Avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

NAMSSKOGAN KOMMUNE

Sametinget / Samediggi

Østre Namdal / Tjåehkere reinbeitedistrikt - Reinbeitedistrikt 10, Nord-Trøndelag

TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I TRØNDELAG

Kopimottakarliste:



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

LOCUS HYDRO AS - TORE ANDRE BIRKELAND
KJERÅA KRAFTVERK AS